

Ny gruppe med turnarar!

18.02.2009



Turngruppa driv godt, men no driv den enda betre enn før! Det er nemlig sett i gang ei ny gruppe innanfor gruppa, for dei som går i femte, sjette og sjuande klasse! Denne aldersgruppa har tidlegare ikkje hatt noko tilbod.

Starten skjedde for to veker sidan og førebels har frammøtet stoppa på seks. Men det kjem sikkert til fleire etterkvarter.

Den som tok initiativet var 15-åringen Ida Legland, som har vore hekta på turn sidan ho budde i Fort William i Skottland i ein treårsperiode fram til 2006. Ho tykte at det burde vera eit tilbod i Uskedalen også for dei som er 11, 12 og 13 år. Difor gjekk ho til turngruppeleiar Hege Lekva med ideen ein månad sidan og fekk spontan respons.

- Hege er så flink til å organisera og alt gjekk fort, seier Ida. Ho leiar den nye gruppa saman med Ingvill Traavik Sture. Men det må naturleg nok vera vaksne til stades under øvingstimane.

Ida fortel at dei legg opp til enkel turn, vesentleg på matte. I Skottland hadde dei fleire apparat til disposisjon, til dømes skranke, men det har dei ikkje her.

På biletet er dei to instruktørane foran og bak sit Elisabeth Rebaudo, Karoline Isdahl Amundsen, Marit Inga Traavik Sture og Tone Helen Moen.

(Foto: Ola Matti Mathisen)